



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om auka slukeevne i Grøvla kraftverk - Førde kommune

Fylkesmannen meiner at redusert vassføring vil vere uheldig for naturmiljøet og landskapsverdiene knytt til fossen nedst på utbyggingsstrekninga, men ikkje i ein slik grad av vi vil rå frå søknaden om auka slukeevne i Grøvla kraftverk.

Vi viser til oversendinga 28. juni 2019 med søknad om auka slukeevne i Grøvla kraftverk frå 0,85 m³/s til 1,0 m³/s.

Dei viktigaste natur- og friluftsverdiene er knytt til fossen på strekninga ned mot kraftstasjonen. Dette var bakgrunnen for at konsesjonsvedtaket frå 2008 fastsette at kraftstasjonen skulle plasserast ovanfor denne fossen. Samtidig blei den maksimale slukeevna auka frå 0,75 m³/s slik det var søkt om, til 0,85 m³/s. Konsesjonen blei endeleg fastsett etter klagebehandling i 2010, med plassering nedanfor fossen og med den auka slukeevna, men minstevassføringa for sommar og vinter blei auka frå høvesvis 0,1 og 0,05 m³/s til 0,18 og 0,6 m³/s.

Slukeevna det no er søkt om utgjør 200% av middelvassføringa, eit nivå som har vore vanleg for nyare vasskraftkonsesjonar. På elvestrekningar med viktige natur- eller friluftsverdiar har det vore vanleg med avbøtande minstevassføring minst på 5-persentilnivå, og det er særleg sommarperioden som er viktig for desse interessene. Vi konstaterer at minstevassføringa i sommarperioden er 1,7 gangar 5-persentilen slik den er oppgitt i bakgrunnsnotatet for NVEs vedtak (KTI-notat 35/2008, s. 24).

Tilleggsrapporten for naturregistreringar som det er vist til i oversendinga er frå 2009, og baserer seg på utbyggingsdata frå den opphavlege søknaden. Det betyr at både slukeevna det er søkt om og den fastsette minstevassføringa er høgare enn det som blei vurdert i miljørapporten. Fossesprøytsone knytt til den nedste fossen blei gitt verdien lokalt viktig (C), og det blei tilrådd ei minstevassføring minst tilsvarende alminneleg lågvassføring, eventuelt 5-persentilen.

Ein av dei 38 moseartane som blei påvist i tilleggsundersøkinga er no raudlista; dette gjeld flokekrypmose (NT), som veks på steinar nede i elveløpet og finst i elva i den nordre halvdelen av planområdet. Arten veks berre langs rennande vatn i område med rik berggrunn i låglandet. Verdivurderinga av lokaliteten blir ikkje endra som følgje av den påviste raudlistearten.

Vår vurdering er at auka slukeevne slik det er søkt om vil påverke naturmiljøet og fossen som landskapselement negativt, men effekten vil truleg vere liten på grunn av den relativt høge minstevassføringa. Vi konstaterer at det årlege energiutbytte berre vil auke med 0,35 GWh, slik at



fordelane ved endringa dermed også er avgrensa. Alt i alt vil vi ikkje rå frå at planendringa vert godkjent.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet

Førde kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Postboks 5672 Torgarden

Postboks 338

Askedalen 2

7485

6801

6863

TRONDHEIM

FØRDE

LEIKANGER